

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

**Kjell Gitton Håland (A)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF støttar tilrådinga frå KULII. Det er vesentleg at et evt tiltak som vert innførte kan nyttast av alle, også dei som treng ekstra tilrettelegging for å delta.

Fylkeskommunen må tilby følgjekort/ledsagerbevis. Og det må vere ein føresetnad for fylkeskommunal kulturstøtte at arrangør godtek følgjekort/ledsagerbevis, og elles legg til rette for universell deltaking.

### **Avrøysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

RMNF støttar tilrådinga frå KULII. Det er vesentleg at eit evt. tiltak som vert innført kan nyttast av alle, også dei som treng ekstra tilrettelegging for å delta.

Fylkeskommunen må tilby følgjekort/ledsagerbevis. Og det må vere ein føresetnad for fylkeskommunal kulturstøtte at arrangør godtek følgjekort/ledsagerbevis, og elles legg til rette for universell deltaking.